



Kor mykje meir av dette vatnet kan det vera mogleg å få tak i? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det private Uskedal Vassverk står på for å gjera vassforsyninga betre og sikrere til beste for dei no 370 abonnentane. Ei av fleire viktige prosjekt som vart handsama under årsmøtet på skulen tysdag kveld var betring av vassinntaket i Eikelva. Møtet gav styret fullmakt til å utgreia moglege løysingar og legge saka fram til avgjerd på neste årsmøte.**

Vassverket har no eit hovudinntak og to reserveinntak, men det er betydelege vassmengder ein ikkje ' får tak i'. Kva det vil kosta å gjera inntaket meir effektivt hadde formann Hans Reidar Kjærland inga formeining om i dag, men det skal utgreiinga klarleggja.

- Eg veit ikkje om det vil kosta 100.000 eller ein million,sa han under årsmøtet. Ikkje minst er det viktig å kontakta ekspertar, til dømes dei mange som etterkvart har vunne erfaring med småkraftverk. Dei har tenkt på ein murkonstruksjon men veit ikkje om dette vil vera det rette. I dag ligg det perforerte rør på skrå ut i elva.
- Vi må vera sikre før vi tek ei avgjerd, sa Kjærland.

Ei anna viktig sak som har kome lenger i førebuinga er montering av ein ny trykksil og ein grovsil eller forfilter for det inngående råvatnet. Dette er ei investering på rundt rekna 400.000 kroner pluss moms. Årsmøtet gav grønt lys for denne satsinga, som vil bli gjort til sommaren. No har dei berre ein sil og han er nær 20 år gamal og har lett for å gå tett. Det krev mykje arbeid og det nye utstyret vil gje ein tryggare driftssituasjon og minska behovet for innleigd røyrleggjarhjelp. Under årsmøtet vart det streka under at ein slik investering uansett vil tvinga seg fram før eller seinare.

Mindre konkret er det kva det vil kosta å utarbeida digitale kart for leidningsnett og kummar, men dette prosjektet skal også settast igang. Det er svært tungvint å arbeida med dei gamle, nærmast antikvariske karta. Forretningsfører Terje Myklebust kom med eit framlegg som fekk tilslutning om at ein i samband med utsending av rekningane i juni skal be abonnentane teikna inn leidningane sine på kart. Men vassverket må sjølv påvisa hovudtraseane.

Vassforsyninga til Skårhaug har vore eit aktuelt tema sidan den siste brannen der og temaet vart berørt også under dette møtet. Det vart uttrykt forundring over at kommunen ikkje kan leggja ein leidning frå elva under riksvegen.

Eit spørsmål som også vart stilt var om ein har vatn nok til nye byggjeprojekt og formannen svara at forbruket i dag er 6-7 liter i sekundet medan det går 12 liter i elva. Men i kalde og turre periodar kan dette koma heilt ned i

7-8 liter.

- Det er viktig å optimalisere inntaket og også sjå på alternative inntak, sa Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen